

## Planter på raudlista ein bør leite etter i Einunndalen

1. Rapporten om biologisk mangfald til denne utbygginga har registrert følgjande karplanter på raudlista:

Engmarihand

Bittersøte

Bakkesøte

Brudespore

Fjellnøkleblom

Smalnøkleblom

Grynsildre

2. Under vassdragstreffet 17. -19.7.2009 blei det funne 2 til:

Småsøte

Marinøkkel

3. Spørsmålet er så kva andre artar på raudlista ein kan finne om ein leiter. Utbyggjar har i prinsippet ansvar for å klarlegge kva artar på raudlista som kan vere mogleg å finne, og så saumfare området så ein anten finn dei eller minimum har sannsynleggjort at dei ikkje er der. Når utgangspunktet er neddemming av 150 000 rutemeter eller noko meir med beitemark som i alle fall delvis kan vise ein flora som er kalkpåverka, er det ein del feltarbeid som står att før ein kan seie at ingen art kan gå tapt i dette prosjektet. I tillegg kjem ein del areal med ymse myr, bekkebreiddar, sig osb. som også må få tilsvarande merksemd.

Ved ein gjennomgang av karplantene som er raudlista kjem ein ut med lista nedanfor som potensielt kan vere i området. Ved ein nøyare gjennomgang vil nok nokre kunne strykast utan vidare, men mesteparten kan finnast i området, og det er berre mogleg ved betydeleg feltregistrering å kunne peike på at dei ikkje finst i området og kvifor dei ikkje finst.

Ein skal i denne samanhengen minne om kva dei ulike kategoriane på raudlista tyder.

CR: 50% sannsynleg at arten døyrt ut innan 3 generasjonar, minimum 10 år

EN: 20% sannsynleg at arten døyrt ut innan 5 generasjonar, minimum 20 år

VU: 10% sannsynleg at arten døyrt ut innan 100 år

NT: Nær ved å oppfylle kriterie for ein av dei tre føregåande.

I lista er normal veksestad berre nemnt når dette ikkje er beitemark/slåtteng eller liknande.

Fjellmarinøkkel NT

Handmarinøkkel EN

Dvergmarinøkkel CR

Kalkbleikvier NT

Smånesle NT (Skrotemark)

Dvergsyre NT (Kjelder, ope jord)  
Stuttsmårve NT (grusmark)  
Snøarve NT (elveøyr)  
Smalfrøstjerne VU  
Vollmarikåpe NT  
Klåved NT (elveøyr)  
Lappmjølke VU  
Smånøkkel NT  
Hengjepiggfrø NT  
Sprikepiggfrø NT  
Gåsefot VU (på nitrogenrik jord)  
Høgfjellsveronika NT  
Solblom VU  
Smalmarihand VU (rik- og fattigmyr)  
Honningblom CR  
Kvitkurle VU  
Svartkurle EN  
Knottblom CR (rikmyr, kjelde)  
Grannsiv NT  
Snøfrytle NT  
Gullull NT (Sig, bekk, kjelde, myrkant)  
Krypsivaks NT (elvekantar, grunn myr)  
Huldrestorr VU (myr, vierkjerr)  
Trillingstorr NT (myrkantar, vierkjerr)  
Kvitstorr NT (sand og grus på elv- og bekkekantar)  
Jemtlandsstorr VU (rikmyr)  
Evjestorr VU/NT (rikmyr)

Ei grei kartlegging av desse artane vil vere (døme):

Art: Handmarinøkkel

Funn i området, jf. artskart: Stor-Elvdal, Tynset, Rendal, Os. Ingen registreringar i Folldal.

Biotop denne arten er knytta til: Slåtteeng og beitemark, setervoll, hei i fjellet, baserik grunn.

Feltundersøkingar: Ettersøkt ved feltarbeid i aktuelt neddemningsområde i perioden 20.-24.6.2009, 13.-17.7.2009 og 20.-24.8.2009 utan at det er gjort funn.

Årsak til at det ikkje er gjort funn. Ein finn ikkje avvikande tilhøve mellom utbyggingsområdet og omkringliggande funn og har difor ikkje forklaring på at arten ikkje finnast i området.

Notat 30.7.2009 Øystein Folden